

2. plass

Framsteg

Framsteg, ja. Det høyrer ut som noko eg kan klare å skrive om. Eg skal skrive om framsteg. Det er eigentleg ganske enkelt. Samtidig kan eg ikkje skrive kva som helst, framsteg skjer sjeldan om ein ikkje prøver. Sånne kjedelege ting som fysikk for eksempel, der gjer dei framsteg berre når dei prøver veldig lenge å finne ut av ting. Dei finn det ikkje ut utan å tenkje på det. Einstein, for eksempel, han levde mykje av livet sitt aleine saman med reknestykka sine. Han dedikerte seg til det. Det var ikkje kvar dag han prøvde å gjere framsteg at han også klarte det, men eg tvilar på at han gjorde noko framsteg på dei dagane han ikkje prøvde, om han i det heile tatt hadde nokon av dei.

Men eg skal skriva om kva dette omgrepet har å seie for *meg* i dag, ikkje berre kva det har å seie for andre. Framsteg for meg er vel å få til noko som vil gjere at livet mitt i framtida blir betre, uansett kor bra eg har det no. Ja eller, framsteg for meg er kanskje heller å oppnå noko som vil gjere summen av alle menneska sine liv betre. Det er derfor eg synest det er så fint når eg kan hjelpe andre; fordi summen av problem i verda blir mindre.

Det er ein song som har oppteke hovudet mitt i nokre dagar no. Den *kjennast* som eit spørsmålsteikn til kva framsteg eigentleg er. Teksten er riktig nok ikkje frå opplysingstida, men frå 1980-talet, og har teksten «Everybody wants to rule the world». Eg les det slik at alle *har lyst* til å styre verda, men om alle skal styre verda er det vel eigentleg ingen som styrar den? Vi kan styre over oss sjølv, men det å styre verda vil vel vere å styre over andre menneske også? Vil framsteg då vere å gi slipp på maktynskja og la andre styre ho, slik at vi alle kan koordinerast?

Framsteg er eigentleg ikkje det mest humane omgrepet å bruke. Framsteg målar kor mykje du har forbetra deg frå tidlegare, men seier ikkje noko om kor mykje du prøver. Eg forstår at framsteg er ein fin objektiv måte å samanlikna prestasjonar på, det er ikkje det. Eller jo, det er kanskje litt det. Det er det at eg kan sjå for meg korleis ei slik

samanlikning er nyttig, men også korleis den kan bomme på målet. Om du verdsett framstega og ikkje innsatsen kjem du til å fokusere på dei og såleis ende opp med færre eller svakare framsteg, som du igjen kjem til å mislike deg sjølv for.

Eg trur faktisk at framsteg nokon gongar ikkje har noko å gjere med kva du oppnår i verda i det heile tatt. Nokon gongar er framsteg berre å vere i flyt-sonen. Som sagt tidlegare liker eg å marginalisere menneske sine plagar, og eg kan eigentleg like godt innrømme at det er den einaste definisjonen av framsteg eg kjem på. Framsteg er det å bevege seg mot noko. Eller, om det er å bevege seg mot noko så kan jo framsteg også vere å få til noko ein ikkje kunne før sjølv om det skapar meir misnøye. Kina, for eksempel, har hatt store økonomiske framsteg. Men livskvalitet og menneskeverd? Det finst vel knapt der?

Det gjekk vel i noko av det same då Hamlet spurde «Wether it is nobler in the mind to suffer the slings and arrows of outragous fortune» enn å døy. Å døy er i alle fall ikkje eit framsteg. Eg vil påstå at sjølv mord er det motsette av eit framsteg. Poenget er uansett at... tja, eg veit ikkje heilt kva poenget er. Det er i alle fall viktig å definere kva for eit framsteg du snakkar om, fordi noko som er eit framsteg på ein måte kan vere det stikk motsette på ein anna måte.

Eg er ikkje så flink til å gjere framsteg. Det har tatt meg altfor lenge å fullføre denne teksten. Han skulle eigentleg vore levert i går. Beklagar det. Han e vel uansett ferdig no, for eg har ikkje noko meir å seie om framsteg. Takk for meg.